



Presentasjon av æresmedlem i Osterøy idrottslag



Øyvind Litland

(f. 21.03.1947)

Utnemnd til æresmedlem på årsmøtet i 2011.

I 2011 hadde Øyvind vore i styret i skigruppa i totalt 50 år, og minst i 25 av dei som leiar! I tillegg til å ha vore sentral i skigruppa i 50 år, har han også i mange av desse åra vore med i hovudstyret i OIL.

Øyvind har fått med seg ei rivande utvikling på anleggsfronten i Osterøy IL. Han har vore særst sentral i planlegging og utbygging av lysløypa. Dette arbeidet starta opp midt på 70-talet. Øyvind var hovudansvarleg for all administrasjon av utbygginga. I tillegg har han arbeidd utallege timar dugnad i lysløypa gjennom alle desse åra med hogst, grøfting, grusing og løypepreparering. Alle skiglade, også utanfor Osterøy IL, kan glede seg over resultatet av dette arbeidet som Øyvind har vore pådrivar for.

Kvar onsdag det er snø og fine forhold i lysløypa, finn du han på lysløypecupen på Rolland. Der delar han ut startnummer, startar og tek tida på unge og eldre skiløparar. Øyvind har i mange år vore ein ivrig og inspirerande trenar for Osterøy sine skiløparar. Han går heller ikkje av vegen for nokre uskuldige veddemål med løparane sine, sjølv om barten skulle bli rosa.....

